Ellers er alt ved det samme, og selv om jeg synes mengden av julepresanger har tatt seg opp så det nesten er litt ugreit, så nyter jeg fremdeles julen i fulle drag.

På lillejulaften besøker vi familiegravene. Menneskene er ikke lenger her, men vi vil for alltid ha dem og de gyldne minnene om det som engang var i hjertene våre – med takknemlighet og troen på at vi en gang skal møtes igjen.

*Gledelig jul!*



**JULEFEIRING MED MORMOR:** For barn er alt så selvfølgelig, men i ettertid har jeg ofte tenkt på de tusen tingene som skal til for å få alt perfekt og ferdig i tide. Min mormor var en flink husmor. (Foto: Privat)

# Ei forteljing om venskap

**To veninner. Tilsynelatande eit umake par. Forskjellane er lette å sjå.**

TEKST OG FOTO: HELEN TOPPE



**EIN VELSIGNA VENSKAP:** Det har blitt mange gode samtalar når Maria er på besøk heime hos Nina og familien i Salhus. – Maria kom inn i livet mitt som ei velsigning, seier Nina.

Nina er 58 år, er i god jobb som sjukepleiar, har mann og fire vaksne born, og er vel etablert i einebustad i Salhus.

Maria er 26 år. Sigøynar frå Romania. Ho bur på Bymisjonen, så sant det er ledig seng til ho der. Åtte års skulegong, ingen jobb å få i heimlandet. Maria tiggjar i Noreg for å skaffe pengar til mat, klede og brensel til familien.

Sjansen for at desse to damene skulle finne kvarandre og utvikle ein god og likeverdig venskap er ikkje stor. Men det skjedde.

– Maria kom inn i livet mitt som ei velsigning, seier Nina med eit smil.

## Ikkje «berre ein tiggjar»

Maria har sin faste plass mellom terminalen og Åsane Storsenter. Her passerte Nina henne. Det begynte med eit smil og litt lommerusk. Men Maria var ikkje «berre ein tiggjar». Nina såg noko meir. Ho såg eit godt smil, ei venleg og positiv jente som gav gode ord tilbake.

– Vi nordmenn har mykje å lære av Maria, meiner Nina.  
– Trass sin livssituasjon velger Maria å fokusere på det positive i livet. Ho velger å vere tilfreds og takksam og ho viser at ho faktisk er det.

Maria har også evne til å løfte blikket frå seg sjølv og sine behov. Ho ser at også andre har det vanskeleg og kan trenge at ho er opptekne av dei og kan dele med dei.

Dei to veninnene har kjent kvarandre i rundt fem år no. Det har blitt mange gode samtalar når Maria er på besøk heime hos Nina og familien i Salhus. Ho vil gjerne gje noko tilbake og hjelper gladeleg til med husvasken der.

## Ein gjestfri heim

Nina nølte litt før ho inviterte henne heim første gong. Var redd for kva venskapen ville innebære. Ville ansvaret bli stort og tyngande? Ho var også usikker på korleis Maria ville kjenne det i møte med ein god og trygg heim der ein ikkje mangla noko.

Begge deler viste seg å vere unødige bekymringar. Nina opplever at venskapen er givande og likeverdig. Og Maria likar å besøke Nina og familien hennar. Ho kjenner ikkje på misunning, men gleder seg over å møte gjestfrie folk.

– Ein ting eg likar godt med ho, er humoren. Ho ler gjerne av seg sjølv, smiler Nina.  
– Maria er eit friskt og annleis pust inn i mi verd. Ho utvider hjarta og horisonten min.

Maria er ærleg. Ho har klare meiningar om rett og gale.

– Det er ikkje rett å bruke pengane folk gjev meg på dårlege ting, seier ho med alvorlege auge.

Alkohol og røyk held ho seg langt vekke frå. Men mange av folka som passerer Maria der ho sit ved Åsane Storsenter er mistenksame og reserverte. Maria merka forskjell etter at NRK for nokre år sidan viste film om rumenske tiggjarar og bakmenn.

– Ikkje alle er slik, slår Maria fast. Heldigvis gjeld det nordmenn også. Ikkje alle er reserverte og mistenksame. Maria får både smil og til og med ein klem av og til.

## Heim til jul

Maria fortel om ein bakgrunn der nesten alle i storfamilien reiser vekk for å tigge eller få seg jobb. Romfolk er som regel siste valg på jobbmarknaden i Romania. Maria sine foreldre og ein bror har fått seg jobb på Island. Heime passar Maria si lillesøster på 19 år dei to gutane til Maria. David og Josef er sju og åtte år.

---

*– Maria er eit friskt og annleis pust inn i mi verd. Ho utvider hjarta og horisonten min.*

---

Helst vil Maria vere heime hos borna. Helst vil ho at dei skal få gå på ein betre skule enn landsbyskulen der dei minst kompetente lærarane jobbar. Ho ynskjer at dei skal få meir enn åtte års skulegang fordi utdanning opnar fleire dører.

Maria reiser heim til jul. Med buss. Kanskje litt tidlegare, om det blir for kaldt. Då slår nemleg ryggen seg vrang. Det er ikkje sikkert Maria kjem tilbake til Noreg etter jul. Kanskje ho vil prøve å få seg jobb i Tyskland. Livet er usikkert for Maria. Som ein nomade må ho reise der maten er å finne.

To veninner. Ulike, men like. Maria og Nina har trua felles. Begge to har vakse opp med trua på Jesus som ein viktig del

av livet. Maria som konservativ pinseven, Nina som trufast kyrkjegjengar. Men begge to hentar liv og styrke hos Gud. Nina inviterer gjerne Maria med på gudstjeneste og konsertar i kyrkja.

## «Den du møter på din vei»

Dei kunne vore mor og dotter. Nina tenker ofte på Maria sine foreldre. Som alle andre foreldre ynskjer dei at borna deira skal møtast med godleik. Nina har fått høve til å oppfylle det ynsket.

– Eg kan ikkje hjelpe alle, men alle kan hjelpe dei som kjem i vår veg på ein eller annan måte, seier ho.

Nina hugsar godt teksten frå ein song dei hadde i barnekoret Salhusknytingane for mange år sidan. Det var frå eit synge-spel om den barmhjertige samaritan: «Den du møter på din vei og som trenger deg, er din neste og din bror samme hvor han bor». Det handlar om å ta sjansen på at gode ringverk-nader kan skapast dersom ein tek steg i openheit og tillit. Dette er viktig for Nina.

Tida går fort i godt selskap. I ein time har eg snakka med og lytta til to gode veninner. Sett smila dei sender kvarandre og respekten dei viser. Det gjer godt. Dei to veninnene må vidare no, kvar til sitt.

– Gud velsigne deg, smiler Maria på gebrokkent norsk.  
– Vi snakkes!



# I ÅSANE KIRKE

### Babysang for de minste

► Mandag og torsdag kl 12.00

Kom og bli med på babysang i det flotte kirkerommet i Åsane kirke! Sammen synger vi velkjente barnesanger og regler. Sangene gjør vi levende ved hjelp av bevegelser og sansestimulering.

### Aktiviteter for de større

|                         |                      |
|-------------------------|----------------------|
| ► Løvegjeng (4-åringer) | ► Leker og materiell |
| ► Førskolegruppe        | ► Lekerom og gymrom  |
| ► Formingsaktiviteter   | ► Snekkerbod         |

### Andre aktiviteter og fellesarrangementer

|                        |                     |
|------------------------|---------------------|
| ► Felles samlingsstund | ► Åpne familiedager |
| ► Karneval og julefest | ► Internasjonal dag |
| ► Turdager/utflukter   | ► Baby massasjekurs |

**Se vår hjemmeside [www.aasanemenighet.no](http://www.aasanemenighet.no) og Stjernen Åsane barnehages Facebook-side «Stjernen Åsane barnehage».** Her finner du info om hva som skjer i tiden som kommer. Har du spørsmål? Kontakt styrer Kate Bølstad: 55 36 22 62 / 917 24 471.

Hjertelig velkommen!



[www.aasanemenighet.no](http://www.aasanemenighet.no)



## VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



Å snakke med folk om livet gir mening.

## Mariahelg på Alværa misjonssenter

6.-8. mars 2020 arrangerer NMS Mariahelg på Alværa misjonssenter i Lavik – for damer i alle aldre. Her får du påfyll for trua, samtidig som det er kjekt å komme ilag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, nyte naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat.

Tema for helga vert «Livsvandringa og trua». Dei som skal løse oss gjennom temaet vert sokneprest i Jølster Silje Sørebo og psykologspesialist Yngvild Sørebo Danielsen.

### Spørsmål om helga/program:

Ta kontakt med Bente Rauboti Haukeland, tlf. 91692908 / epost: [bente.rauboti.haukeland@gmail.com](mailto:bente.rauboti.haukeland@gmail.com)

# Den forunderlege profeten

**I forteljinga om profeten Elia openberrar Gud seg på merkeleg vis i den stille susinga som representerte hans nærvær.**

TEKST: ØYSTEIN SKAUGE, PROST I ÅSANE PROSTI



**DELTE AV DET VESLE HO HADDE:** *Elia bad ei fattig enkje frå Sarepta om å få av det vesle ho hadde å ete. Trass i at ho var redd, gav ho han mat. Ho vart løna for det. Gud gjorde det slik at mjølkrukka til enkja i Sarepta aldri gjekk tom for mjøl, og oljen i mugga hennar tok aldri slutt. (Illustrasjon: Oljemåleri av Giovanni Lanfranco (1582-1647). Heng i dag i The J. Paul Getty Museum i Los Angeles)*

Profeten Elia er ein av dei mest forunderlege personane vi møter i Det gamle testamentet (GT). Elia er òg ein mann vi merkeleg nok også møter i Det nye testamentet (NT).

Der kan vi lese om korleis han stod fram den gongen Jesus tok med seg Peter, Jakob og Johannes opp på eit høgt fjell, og desse tre læresveinane fekk sjå Jesu guddom. Ved det høvet dukka det opp to figurar vi elles berre kjenner i frå GT. Det var Moses, og det var Elia.

## Ein ugudeleg konge

Profeten Elia har inga eiga bok kalla opp etter seg i GT, som for eksempel profetane Jesaja og Jeremia. Men når vi les Kongebøkene stig han fram for oss (1.Kong. kap.17-2.Kong. kap 2). Det vi les om der, flyttar oss tilbake i tid frå det som hende på fjellet med Jesus, Moses og Elia. Elia levde nesten 900 år tidlegare.

Profetane i GT hadde ei stor og viktig oppgåve, som var å forsvare israelsfolket si tru på Gud. På Jahve. For oss som lever i dag, og som les GT, er det difor viktig å kjenne til

profetane sin bodskap, for den Gud dei representerte og kjempa for – Gud i GT – er den same Gud som vi kjenner i NT. Men i NT møter vi framfor alt Gud gjennom å bli kjend med son hans, Jesus Kristus.

Gud meddeler seg på ulikt vis til oss menneske i GT og i NT. Hebrear brevet vert innleia med desse orda: «*Mange gonger og på mange måtar har Gud i tidlegare tider tala til fedrane gjennom profetane. Men no, i desse siste dagar, har han tala til oss gjennom Sonen*».

Elia levde på den tida då kong Ahab regjerte i Israel. Han regjerte gjennom 22 år mellom år 871 og år 852 f.Kr. Denne kongen vert i GT framstilt som ein ugudeleg konge. Han «*gjorde det som vondt var i Herrens auge*» (1.Kong 16,30).

Saman med dronninga, Jesabel, opna kongen for å dyrke heilt andre gudar enn Israels Gud. Det dreia seg om tilbeding av Baal-gudane. Det står så sterkt om kong Ahab at «*han heldt fram med å gjera Herren, Israels Gud, rasande*» (1Kong 16,32).

## Måtte flykte

Inn i dette, inn i konfrontasjon med kongen og dronninga, vart så profeten Elia sendt frå Gud med den klassiske profet-oppgåva: Å forkynne Guds vilje for Israels folk. Kongen og dronninga let seg utfordre av profeten Elia. Profeten fekk motstand som sette han på store prøver. Han måtte flykte etter å ha truga heile landet Israel med ei veldig tørke om kongen og folket ikkje vende seg frå Baal-dyrkinga og gjekk tilbake til trua på Gud.

Elia var under Guds omsorg sjølv om ingen endra sin måte å leve på. Etter beskjed frå Gud gøymde Elia seg i tre år i ved bekken Kerit aust for Jordan. Han drakk av bekken og ramnar kom med mat til han. Merkelege ting hende.

Vi møter han også saman med enkja i Sarepta. For då den omfattande tørka som Elia hadde annonsert, gjorde at også Elia sin bekk tørka inn, flytta han til Sarepta. Der møtte han ei fattig enkje. Ho held på med å førebu eit siste måltid for seg sjølv og sonen hennar før dei svalt i hel.

Elia bad henne om å få av det vesle ho hadde å ete. Trass i at ho var redd, gav ho han mat. Ho vart løna for det. Gud gjorde det slik at mjølkrukka til enkja i Sarepta aldri gjekk tom for mjøl, og oljen i mugga hennar tok aldri slutt. Vi brukar framleis uttrykket «*Sareptas krukke*» om noko som synest utømmeleg. Vi les også at då sonen til enkja likevel døydd, gav Elia han livet tilbake.

## Utfordra Baal-profetane

Mest dramatisk i konflikten mellom profeten og israelskongen er forteljinga om då Elia utfordra 450 Baal-profetar til å konkurrere om kven som trudde den sterkaste Gud. Eit svært offerbål vart laga til. Baal-profetane dansa og ropa og



**MERKELEGE TING HENDE:** Profeten Elia fekk mat frå to ramnar som kom til han då han var på flukt frå kongen, her i ein utandørs dekorasjon frå ei ortodoks kyrkje på Rhodos. (Foto: Øystein Skauge)

bad til sin gud om at han måtte sende eld som kunne tenne bålet. Bønene deira og guden deira vart spotta av profeten. Dei kom ingen veg.

Då Elia kalla på sin Gud, slo elden straks ned: «Då før Herrens eld ned og øydde både brennofferet og veden, steinane og jorda» (1.Kong 18,38). Etter dette vart kongeparet endå meir hatefulle mot Elia. Han måtte på ny rømme ut i øydemarka, og var i ferd med å gje opp. Profeten kjenner på at han ikkje orkar meir: «No er det nok, Herre, sa han» Guds svar til profeten var: «Gå ut og still deg opp på fjellet, for Herrens andlet, så vil Herren gå forbi».

Elia gøymde seg i ei hule i fjellet. Han sat i holeopninga og venta på å få møte Herren.

Vi les om det i 1.Kong 19,11-13: «Føre Herren kom ein stor og sterk storm som kløyvde fjell og knuste knausar, men Herren var ikkje i stormen, etter stormen eit jordskjelv, men Herren var ikkje i jordskjelvet, etter jordskjelvet ein eld, men Herren var ikkje i elden, etter elden – lyden av ei skir stille. Då Elia høyrde den, drog han kappå føre andletet, gjekk ut og stilte seg i huleopninga.»

## Himmelferd i eldvogn

Vi anar kven Gud er ved å lese denne profetforteljinga. Han er ein Gud som viser seg som den sterke. Som den som gjennom profeten kan gjere under. Som kan vekkje døde til liv. Og som openberrar seg på merkeleg vis i den stille susinga som representerte hans nærvær.

Den forunderlege Elia opplevde også ein uforståeleg utgang or dette livet. Mens han gjekk og tala med sin etterfølgjar, Elisja, hende dette einestående: «Medan dei gjekk der og snakka saman, kom det brått ei eldvogn med eldhestar føre og skilde de ifrå kvarandre. Og Elia før opp til himmelen i stormen» (2.Kong 2,11).

Teksten er ein omarbeida og sterkt forkorta versjon frå foredrag helde under bibeltime på Rasteplass i Åsane kyrkje.

# Julenatt

Julekonsert med Åsane kirkes kor  
**Cantus Sororum og Prima Vista**

Harpe:  
Marija Kadovic

Orgel:  
Gerd Inger Eide Yddal

Dirigenter:  
Marit W. Røshol  
Lenamaria C. Gravdal

**Åsane Kirke**

Søndag 15. desember 2019 kl. 19.00

Pris: 200,- (Forsalg: 150,-)



## Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knytter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med alkohol- og rusproblemer?

Send VIPPS til 13130 (valgfritt beløp)

Send SMS "BK VENN" til 2210 (kr 100)



 **www.eidsvaagauto.no – Følg oss på Facebook**

**EIDSVÅG AUTO AS**

Aut. bilverksted • Karrosseri  
Lakkeringsverksted  
Eidsvågbakken 21 • 5105 Eidsvåg

**Tlf. 55 25 10 20**

 **Mega CAR SERVICE**  
**GODKJENT VERKSTED**

 **ASTRI VÅRDAL**

Statsautorisert revisor/autorisert regnskapsfører

Revisjon: aksjeselskap, stiftelser, borettslag mm.  
Regnskapsføring

Ytre Arna Mail: astri@vaardal.no  
Tlf: 55 53 14 94 Nettside: http://www.vaardal.no

 **Rolf's Matbu og Selskapservice**

EIDSVÅG I ÅSANE • 28 ÅRS ERFARING

**Vi leverer eller du henter!**

**VI LAGER MAT TIL:**

- Konfirmasjon
- Dåp
- Runde dager
- Kurs
- Minnestunder

Eidsvågveien 150 • 5105 Eidsvåg i Åsane  
Tlf: 55 29 26 32 • post@rolfsmatbu.no  
**www.rolfsmatbu.no**

**Advokatfirmaet**

**Sigrun Pedersen** M.N.A.

Arv/gaver  
Barnerett  
Familierett  
– sambo/ekteskap  
Samlivsbrudd  
Kjøp/salg fast eiendom  
– bolig/hytte

Littleåsv. 49, 5132 Nyborg.  
Inng. C, 3. etg. (Bergen Kontorhotell)

**Tlf.: 55 18 86 00**  
advokat.sigrun.pedersen@hotmail.com

Åsane Senter Kilden Senter Oasen Senter Sletten Senter

 **TOPPE BLOMSTER**  
- fra hjerte til hjerte

**www.toppeblomster.no Tlf: 55 18 03 00**

*Alltid en anledning!*

 **JC INTERIØR**

**Kjøkken • Bad • Garderobe**

Salhusveien 55, 5131 Nyborg  
Tlf. 55 53 98 40  
**www.jcinterior.no**

Besøk en av Norges største shop in shop

 **LENE BJERRE DESIGN**

**Ull er omsorg**

 **JANUS**  
www.janus.no  
Since 1895

**Besøk oss gjerne på Janus Kultursenter på Espeland**

**Kjære leser!**



Bladet du nå holder i er et resultat av innsatsen fra mange frivillige fingre. Likevel er det en del kostnader med produksjonen av hvert blad.

Stor takk til alle dere som har bidratt økonomisk til bladet, dette er med på å gjøre det mulig å utgi bladet. Vi er frimodige nok til å vedlegge en giro i dette bladet i håp om mulig bidrag til fortsatt utgivelse.

Det er mulig å få skattefradrag på gaver der totalt årsbeløp overstiger kr 500.

På forhånd takk til de som finner anledning!

Vennlig hilsen Bjørn Otto Aarheim,  
styreleder for menighetsbladene i Åsane prosti

 **Sørbue**

Ønsker du hjelp til å stelle graven?  
Sørbue tilbyr et personlig og mer tilpasset gravstell.

**www.sorrbue.no • Tlf: 97 10 68 76 • E-post: sorrbue@outlook.com**

**Innsamling av klær, sko og sengetøy til Ukraina**

**v/Tro-Håp-Kjærlighet**

Første og siste lørdag i mnd. kl. 12-14.00  
v/Lærerhøyskolen på Breistein, Olav Bjordalsvei 43

Pakkes i sekker - kr. 50.- pr. sekk

Kontaktperson: 99 64 24 70 • **www.thk.no**

 **3 1/2 TRE seksten**

**Julegaver**

**Vi har mye fint!**



**Åsane Storsenter 42**  
**TLF: 55 19 82 00**

 **ADVOKATGRUPPEN BERGEN**

• Arv/gaver • Familie • Ektepakter • Samliv  
• Kontrakter • Kjøp/salg • Trafikk- og transportrett.

**15 prosent rabatt til nye klienter fra Arna, Åsane og Osterøy! Hjemmebesøk mulig.**

Sandviksbodene 1H-Slaktehuset, 5035 Bergen • Telefon: 920 41950  
E-post: bernhard.hauge@agbergen.no • **www.agbergen.no**



TOTALLEVERANDØR AV  
ELEKTROINSTALLASJONER  
AUTORISERT EL- OG TELENSTALLATØR  
**Thunestvedt**

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00  
[www.thunestvedt.no](http://www.thunestvedt.no)

**REMA 1000**

5282 Lonevåg | 56 39 22 30



YX Osterøy Servicesenter  
5281 Valestrandsfossen  
56 39 41 86  
Mob. 902 96 665

**Revheim Gravferdshjelp**

Telefon: 56 39 21 73  
Revheim  
5282 Lonevåg

## Trusopplæringa på Osterøy

**Adventstida nærmar seg og då er det tid for Lys Vaken med overnatting i tre kyrkjer: Gjerstad, Haus og Hamre.**

TEKST: TRUSMEDARBEIDAR HELGA ASKELAND MJELSTAD

Gjerstad kyrkje er først ut i år. Der startar Lys Vaken allereie 23.-24. november. I Haus og Hamre blir Lys Vaken arrangert helga etter, første adventshelga.

Lys Vaken handlar ikkje om at me skal vera vakne heile natta, men at me skal vera vakne for det som skjer i oss og rundt oss. Me skal vera vakne overfor Gud, kvarandre og oss sjølve. På Lys Vaken førebur me oss til adventstida. Mykje kjekt står på programmet. Dersom nokon vil delta, men ikkje overnatta i kyrkja, er dette fullt mogleg. Påmelding er klar på nettsida: [osteroy.kyrkja.no](http://osteroy.kyrkja.no)

### Vinterens trusopplæringsprogram:

- Onsdag 13/11 kl. 12.00-13.30: Babysong i Kyrkjesenteret.
- Tysdag 19/11 kl. 15.30-18.00: Leiarkurs i Kyrkjesenteret.
- Onsdag 20/11 kl. 12.00-13.30: Babysong i Borgstova (Hamre).
- Laurdag- søndag 23/11-24/11: Lys Vaken med overnatting for 5. klassingar i Gjerstad kyrkje.
- Onsdag 27/11 kl. 12.00-13.30: Babysong i Kyrkjesenteret.

- Laurdag-søndag 30/11-1/12: Lys Vaken med overnatting for 5. klassingar i Haus kyrkje.
- Laurdag-søndag 30/11-1/12: Lys Vaken med overnatting for 5. klassingar i Hamre kyrkje.
- Tysdag 3/12 kl. 16.30-17.30: Småbarnsong i Kyrkjesenteret.
- Fredag 6/12 kl. 17.00-19.00: Juleverkstad i Bruvik kyrkje.
- Fredag 6/12 kl. 18.30-21.30: Fredagskveld for 10. klasse og oppover i Kyrkjesenteret.
- Fredag 31/1 kl. 10-16: Kode B for 5. klasse i Kyrkjesenteret.
- Laurdag 15/2 kl. 16-20: Tårnagenthelg; 8-12 år i Bruvik kyrkje.
- Søndag 16/2 kl. 11: Tårnagentar deltar på gudsteneste i Bruvik kyrkje.
- Onsdag 19/2 kl. 17.30-18.30: Dåpsskule for 1. klasse startar i Kyrkjesenteret.
- Laurdag 14/3 kl. 14-18: Tårnagenthelg for 2. og 3. klasse i Gjerstad kyrkje.
- Søndag 15/3 kl. 11: Tårnagentar deltar på gudsteneste i Gjerstad kyrkje.
- Søndag 5/4 kl. 11: Dåpsskulen deltar på gudsteneste i Gjerstad kyrkje.
- Laurdag 18/4 kl. 14-18: Tårnagenthelg for 2. klasse i Hamre kyrkje.
- Søndag 19/4 kl. 11: Tårnagentar deltar på gudsteneste i Hamre kyrkje.

# Nye sokneråd

Dei nye sokneråda er no klare. Me kjem tilbake med bilete sokneråda i Haus og Hosanger i neste utgåve.





1

**BRUVIK SOKNERÅD:**

Frå venstre bak: Idar Fjeldstad (repr. fellesrådet), Nils Harald Bruvik, Stein Hugo Fykse, Magne Vikne (leiar), Asle Revheim Bratholmen. Frå venstre framme: Tove Fjelstad, Kristin Merethe Nøttveit, Ann Kristine Mahle Vikne og Jorunn Helene Hermansen. (Foto: Otto Mo)

2

**HAMRE SOKNERÅD:**

Frå venstre bak: Åge Clausen (leiar), Elisabeth Bidne, Maria Sandal Vevle, Jørgen Grimelid (vikarprest). Frå venstre framme: Sigrun Raknes, Ann Kristin M. Edvardsdal, Roar Moen (representant i fellesrådet), Liv Skoglund og Lars-Erik Haga. Ikkje til stades: Roy-Arne Hauge, Ann Carina Raknes, Kristoffer Christensen og Ole Jan Aarvik.

3

**GJERSTAD SOKNERÅD:**

Frå venstre: Baard Eikaas, Kari Vevle Reigstad, Kristin Margret Sigurdardottir, Henning Klovning Rød, Reidun Vevle, Anne Cecilie Skeidsvoll, Kjellaug Hartveit, Stein Hugo Fykse og Anveig Solberg.

# VAFFELFREDAG!

I kyrkjesenteret i Lonevåg  
(etasjen under biblioteket)

## SISTE FREDAG I KVAR MÅNAD

Mellom kl.11.00 – 15.00

## Vi startar fredag 27.september

Ta ei lita pause i helgehandlinga, og kos deg med ein vaffel og ein god kopp kaffi.

## Stikk innom då vel!



Helsing Sokneråda på Osterøy





# DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

## 17. november

23. s. i treeiningstida. Matt. 24,35-44

**Hamre kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Bård Haukedal. Innsetting av Jørgen Grimelid til vikarprest. Dåp og nattverd. Kyrjekaffi.

## 24. november

Domssundag/Kristi kongedag. Joh. 9, 39-41

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00.** Familiegudsteneste – Lys Vaken ved kateket, Mia E. Etokebe og trusmedarbeidar Helga A. Mjelstad. Dåp.

## 1. desember

1. sundag i advent. Matt. 21, 1-11

**Haus kyrkje kl. 11.00.** Familiegudsteneste – Lys Vaken ved Stein Hugo Fykse. Dåp.

**Hamre kyrkje. 11.00.** Lys Vaken – gudsteneste ved trusmedarbeidar Helga A. Mjelstad og lekmenna, Roar Moen og Åge Clausen.

## 8. desember

2. sundag i advent. Joh. 14, 1-4

**Hosanger kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Jørgen Grimelid. Dåp og nattverd

## 15. desember

3. sundag i advent. Matt. 11,2-11

**Bruvik kyrkje kl. 17.00.** Lysmesse/julekonsert ved Stein Hugo Fykse.

## 24. desember

Julaftan. Luk. 2,1-20

**Bruvik kyrkje kl. 12.00.** ved Stein Hugo Fykse.

**Gjerstad kyrkje kl. 14.00.** ved Stein Hugo Fykse.

**Haus kyrkje kl. 16.00.** ved Stein Hugo Fykse.

**Hamre kyrkje kl. 14.00.** ved Jørgen Grimelid

**Hosanger kyrkje kl. 16.00.** ved Jørgen Grimelid

## 25. desember

Juledag. Joh. 1,1-14.

**Hamre kyrkje kl. 12.00.** Høgtidsgudsteneste ved Jørgen Grimelid.

## 26. desember

Stefanusdag/2. juledag. Matt. 2, 16-23.

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Stein Hugo Fykse. Dåp og nattverd.

## 29. desember

Romjulsundag. Matt. 2,13-15.

**Haus kyrkje kl. 15.00.** Familiegudsteneste/ juletreffest ved Stein Hugo Fykse. Dåp.

## 1. januar

Nyårsdag/Jesu namnedag. Luk. 2,21.

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Jørgen Grimelid. Dåp og nattverd.

## 5. januar

Kristi openberringsdag. Matt. 2,1-12.

**Hamre kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Stein Hugo Fykse. Dåp og nattverd.

## 12. januar

2. s. i openberringstida. Matt. 3,13-17.

**Haus kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Stein Hugo Fykse. Dåp og nattverd.

**Hosanger kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Jørgen Grimelid. Dåp og nattverd.

## 19. januar

3. s. i openberringstida. Joh. 2,1-11.

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Stein Hugo Fykse. Dåp og nattverd.

## 26. januar

4. s. i openberringstida. Luk. 18,35-43.

**Hamre kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Jørgen Grimelid. Dåp og nattverd.

## 2. februar

5. s. i openberringstida. Mark 2,1-12

**Haus kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Stein Hugo Fykse. Dåp og nattverd.

**Hosanger kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Jørgen Grimelid. Dåp og nattverd.

## 9. februar

Såmannssundag. Luk. 8,4-15

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Stein Hugo Fykse. Dåp og nattverd.

## 16. februar

Kristi forklaresdag. Matt. 17,1-9

**Hamre kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Jørgen Grimelid. Dåp og nattverd.

**Bruvik kyrkje kl. 11.00.** Tårnagenthelg – Familiegudsteneste ved Stein Hugo Fykse og trusmedarbeidar Helga A. Mjelstad. Dåp.

## 23. februar

Fastelavnsundag. 1. kor. 13, 1-7

**Gjerstad kyrkje kl. 11.00.** Høgmesse ved Jørgen Grimelid. Dåp og nattverd.

# SLEKTERS GANG

## Døypte:

### Haus

29.09 Vilde Oddekalv Torp  
29.09 Jacob Mjelde Loeshagen  
29.09 Rasmus Ludvigsen Johnsson  
29.09 Sander Mjelde

### Gjerstad

01.09 Jonas Gravdal Skistad  
01.09 Oda Nesthus Kleppe  
01.09 Emil Rongved Børtveit  
15.09 Emil Myking Thunestvedt  
15.09 Theodor Elvik Rongved  
15.09 Herman Laastad Gavle  
20.10 Mari Aasheim Solberg

### Hamre

25.08 Benjamin Matre Mosevoll  
25.08 Frie Mosevoll Petterson  
25.08 Jakob Hopsdal Ingebrigtsen  
25.08 Lukas Skaar  
06.10 Oddvar Torkildsen Skår  
06.10 Linnea Gjørstein Lunde  
06.10 Emilia Daltveit Cukierska  
06.10 Mio Greve Meling

## Vigde:

### Haus

21.09 Marte Emilie Hatletveit og Stian Mjøs

### Gjerstad

07.09 Silje Alice Solberg Birkeland og Audun Birkeland  
(vigd heima i hagen)

### Hamre

17.08 Carina Sæbø Øksnes og Erlend Abelsen  
24.08 Silje Ravnøy Kleppe og Egil Kleppe

### Hosanger

31.08 Elisabeth Myhrer-Benjamin og Steve Myhrer-Benjamin (Fjordslottet)

## Gravlagte:

### Bruvik

27.08 Annlaug Hekland (f.1921) (seremoni på Osterøytunet, gravlagt på Bruvik)  
30.08 Edward Vernon Hullah (f.1952)

### Gjerstad

03.09 Astrid S Lohne (f.1927)  
03.09 Herulv Agnar Noss (f.1930)  
04.10 Karstein Paul Løland (f.1933)  
15.10 Svein Borge (f.1934)  
18.10 Håkon Søgnesand (f.1951)  
22.10 Bjarte Grim-Antun (f.1946) (Bisetjing)  
29.10 Knut R. Vevle (f.1923)

### Hamre

24.09 Ole Tvedt (f.1938)  
08.10 Alf Kalleklev (f.1924)  
22.10 Aase Edvardsdal (f.1940)

### Hosanger

20.08 Kjell Thor Bernes  
13.09 Klara Henny Fotland (f.1935) (Bisetjing)  
17.09 Gerd Karin Tysse (f.1943)  
11.10 Gerd Marie Hanstveit (f.1941)



*Bunad og stakkastovo as*

*Ny bunad*

*Omsem*

*Allt av tilbehør*

*Ring for avtale 56191800*

Hodlebrautsvegen 18, Osterøy næringspark, 5281 Valestrandsfossen  
[www.bunadogstakkastovo.no](http://www.bunadogstakkastovo.no)